

Les teksten og teikn, oppgåve a

Pappa har ein gul bil. Bilen står parkert utanfor huset.
Huset er grått og har eit vindauge på kvar side av døra.
Framfor huset er det ei lita trapp opp til døra.
Kari står på trappa og vinkar til pappa.
Pappa står ved sida av bilen.

Les teksten og teikn, oppgåve b

Dette er eit golv.

På golvet står det ein stol og eit bord.

På stolen sit ein gut.

Det står ein vase med blomar på bordet.

Det er eit vindauge i rommet.

Gardinene i vindauget er raude med grønne prikkar.

På veggen heng eit bilete av bestemor.

Ute er det sol.

Les teksten og teikn, oppgåve c

Seifrid er ein fisk. Ho bur i havet i lag med familien sin.

Ho har ei mor, ein far, og ein veslebror.

Seifrid likar å symje mellom tang og tare.

På havbotnen er det mange skjel som ho kan leike med.

Bestevenen til Seifrid heiter Borgny.

Ho er ein blekksprut med åtte armar.

Les teksten og teikn, oppgåve d

Det er vinter, og det ligg snø på bakken.
Kåre og Kamilla er på veg til akebakken.
Dei skal prøve dei nye akebretta sine.
Kåre sitt akebrett er grønt.
Kamilla sitt akebrett er blått.
Kåre har gul hue og svart jakke på seg.
Buksa og skoa hans er brune.
Kamilla har rosa hue, gult skjerf og grøn vinterdress.
Ho har raude sko.
Det snør litt.
Ved sida av akebakken står ein snømann.
Snømannen har gulrotnase og to steinar som auge.

Les teksten og teikn, oppgåve e

Det nærmar seg jul.

I stova står eit juletre med lys.

Mette og Anders held på å pynte det.

I juletreet heng det tolv julekuler.

Fire av julekulene er raude.


To av julekulene er blå.

Tre av julekulene er mønstrete.

Resten er gule.

I toppen heng ei lysande stjerne.

Les teksten og teikn, oppgåve f



Dette er hovudet til Lasse.
Han har blå auge.
Lasse smiler med open munn.
Han har mista ei tann oppe.
Lasse har brunt, kort hår.
Lasse har på seg ei grøn t-skjorte.
Han har ein blå shorts med to lommer.
Han har sokkar på. Dei er raude.
Ved sida av Lasse ligg katten og søv.
Katten er oransje.